

---

**Fra:** Reidar Leiv Furelid <rfurelid@yahoo.com>  
**Sendt:** søndag 17. november 2019 19:47  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Emne:** Skadd skogsbilveg: Kleivdal-Halsteindal / ei gammel sak!!

**Til skogansvarleg ved Landbrukskontoret og landbrukssjefen i Lindås kommune.**

Har fleire gonger etterlyst at kommunen tek tak i saka som gjeld den betydelege skade som vart gjort på nemnde skogsbilveg i 2017!

Det var då tre skogeigarar som fekk frakta ut store mengder tømmer på denne vegen. Og skaden var ganske betydeleg! Det var til skade for køyretøy og ei tvilsam og vond (!) oppleving for køyrande med vanleg bil og vanleg traktor. Dette er teke opp fleire gonger. Og både frå kommunen og frå fylket har det vorte registrert utan at noko har vorte gjort.

Eg MÅTTE få ei betring av forholda og har brukt minst 20 tonn massar til ei førebils utbetring. Det vart gjort før frosten for eitt år sidan! Dette har gjeve direkte utlegg og fleire timar for mann og traktor. Og sjølvsagt skal dei som har ansvar for skadane gjera opp for dette og stå for forfullføring av utbetringa! Den eine av dei ansvarlege har skriftleg uttalt at vegen ikkje var / er skada,- og kjem ikkje til å delta i det økonomiske ansvaret! Når slikt vert framført, vert eg sjølvsagt sterkt overtydd om at her **MÅ** **LANDBRUKSKONTORET SINE FOLK PÅ BANA!**

- Så går det rykte om at eigaren av bruket i Halsteindalen skal selja bruket!

- **Då seier det seg sjølv at no hastar det!**

**Bed om at saka vert teken på alvor straks! Med stor forventning om tilbagemelding og rask akson i saka!**

**Reglane for vegen skulle fornyast etter 2015! Til det arbeidet MÅ det offentlege inn! Men inntil så er gjort, må ein halda seg til gamle reglar og vanleg folkeskikk!!!**

Med vennleg helsing

Reidar Furelid (Som arbeider innimellom med snuplassen vår i enden av den omtala vegen og har framleis min 14-tonns Katomaskin ståande der.)